

Årsmelding Etne Sogelag 2019

Årsmøte 2019 vart halde i storsalen på Skakke kulturhus 12. februar. Leiar Aslaug Olden Mala ønskte velkommen til 50 frammøtte medlemmer og andre interesserte. Etter at årsmøtesakene var opplesne og vedtatt, var det allsong til trekkspelmusikk ved Haldor Hjelmervik. Etter matøkt og drøs rundt borda, var det kåseri ved Terje Hermansen. Han presenterte utkast til mannsbunad frå Etne og fortalde om oppveksten ved Etnesjøen på slutten av -50-talet.

Arbeid i styret Styret har hatt seks styremøte. I samband med at Etne Sogelag var vertskap for årsmøtet til Hordaland Sogelag 2019, blei det litt ekstra møteverksemd. Styret pluss Forteljargruppa, har hatt møte med representantar frå Sunnhordland museum ved direktør Linda Øen og museumsrådgivar Trine Kyvik. Museet ønsker nærare samarbeid med sogelaget gjennom bruk og aktivitetar på Sæbøtunet. Edvar Tjelmeland er positiv til å avgi grunn til ny parkeringsplass. Anten ved sal eller leige. Direktør Linda Øen skal kontakta Etne kommune og få fortgang i saka. Sogelaget fekk midlar frå Etne E-lagsfond til kjøp av ny flaggstong og flagg på Sæbøtunet.

Årsmøte Hordaland Sogelag 2019 Etne Sogelag var vertskap for Hordaland Sogelag sitt årsmøte 02-03. mars 2019. Utsendingar frå Etne var Jakob Eskeland, Aslaug Olden Mala og Anne-Britt Grindheim. Styret deltok på det lokalhistoriske programmet og middagen. Opning av lokalhistoriske dagar i Etne, tok leiar i Etne Sogelag og ordførar Siri Klokkestuen seg av under lunsjen på Fugl Fønix Hotel. Etne Sogelag tok deretter utsendingane med på busstur rundt i kommunen. Første stopp var Stødle kyrkje der Ingvor Gundegjerde var forteljar og omvisar. Einride Aakra guida oss vidare oppover Sørbygda og vidare til Åkrafjorden. Der venta Lars L. Lundal, som viste rundt og fortalde om den gamle skulestova på Markhus. Deretter var det ein matbit på Åkrafjordtunet og filmframsyning og forteljing om historien langs begge sider av Åkrafjorden. Under festmiddagen på Fugl Fønix Hotel om kvelden, framførde Steinar Aalvik og Jimmy Næs Etne-forfattar Ingvar Moe sine dikt i ord og tonar. Festleiar Terje Hermansen hadde kledd seg opp i den nye mannsbunaden frå Etne, samstundes som han presenterte modellar av kvinne- og gutebunaden frå Etne. Sjølv Årsmøtet føregjekk søndagen i Kålhagen på Auastad i Gamlastovo til Leif og Bjørg Halleland. Gamle tømmervegger og god bevertning, gjorde stunda til ei historisk og minnerik oppleving. Dei rundt 30 deltakerane på Årsmøtet var stornøgde med opphaldet i Etne, som blei avslutta med omvising i lokala til kunstnaren Jan Terje Rafdal.

Kulturnatt På Kulturnatt siste lørdagen i januar, presenterte Etne Sogelag, i samarbeid med Etne Husflidslag, forslag til mannsbunad frå Etne. Litlesalen var fullsett og det var tydeleg at publikum lika det dei såg. Bunaden til Terje Hermansen blei seinare stilt ut i Etne Sparebank, der publikum fekk komma med innspel. Mannsbunaden har si historie frå Etne, med utgangspunkt i det som er blitt registrert tidlegare. Målet er å få registrert mannsbunaden frå Etne ved Norsk institutt for bunader og folkedrakter på Fagernes. Nokre små detaljar med selane gjenstår før ein endeleg er i mål. Bunadsnemnda har vore samansett av Eli Aga, Dag Silde, Ellen Tesdal, Anne-Britt Grindheim og Terje Hermansen.

Stølsdrift I samarbeid med lokale kjelder, har Reidar Berge utført eit stort arbeid med å samla inn kunnskap om stølsdrift i gamle Etne kommune. Etne Sogelag har nå fått overlevert manus, pluss foto og illustrasjonar. Arbeidet vidare er å få finansiert trykking og utgiving av ei skriftbok om stølsdrift.

Sommarfest på Sæbøtunet Lørdag 27. juli laga sogelaget, saman med familien, til fest for 103 år gamle Anne Marie Moland frå Telemark. Som den siste budeia på Sæbøtunet, kom ho dit som ung jente i 1938. Søster hennar, Signe Tjelmeland og mannen Edvar, budde på Sæbøtunet før dei selde til Sunnhordland Museum og flytta i nye hus på Sæbø-garden. 103-åringen fortalde frå då ho arbeidde på Sæbøtunet og seinare som budeie i Telemark. Kan opplysa at ho feira 104 år nyttårsaftan og er framleis i full vigør!

Etnemarknaden Tema på sogelaget sin stand på Etnemarknaden, 02. -04. august, var stølsdrift. Standen var dekorert med foto og gamle bruksting, som viste litt frå stølslivet i Etne. Som vanleg skifta både årbøker, dikt av Ingvar Moe og Olav Vik med fleire, eigar. Ein god drøs og verving av nye medlemmer høyrde og med.

Fjordcruise på Åkrafjorden Torsdag 19. september inviterte sogelaget medlemmer og andre til Fjordcruise på Åkrafjorden. Turen gjekk med ein fullasta båt frå Eljarvik Gard til Åkra i Kvinnherad. På turen fortalde kjentfolk om stad og folk som budde og livberga seg langs fjorden i tidlegare tider. Framme på Åkra blei det servert Bonde-lunsj i Løa. Eigaren Trygve Øvstebø informerte om staden, og demonstrerte øksing så flisene fauk! Turen blei avslutta med stopp og guiding i Åkra kyrkje før kaptein Knut Grindheim, etter ein våt stopp under Langfoss, losa oss trygt tilbake til Eljarvik.

Rådsmøte i Rogaland Historielag Rogaland Historielag inviterte 22. oktober Etne Sogelag til rådsmøte i Imsland. Det lokale sogelaget for Sandeid, Vikedal og Imsland var vertskap. Etter ei omvising i den gamle krambua på kaien, var det samling i bedehuset. Aslaug Olden Mala og Anne-Britt Grindheim møtte for Etne Sogelag. Både det lokale sogelaget og Rogaland historielag, peika på mange saker me kunne samarbeida om over fylkesgrensa. Me blei samde om å halda kontakt med kvarandre.

Førjuls møte Sogelaget inviterte til førjuls møte på Skakke 10. desember, mellom anna for å dela ut og presentera årboka for 2019. Diverre var ikkje boka klar, noko me i styret sa oss svært leie for. Men redaktør i skriftnemnda, Jostein Osnes, presenterte og fortalde litt om innhaldet i boka. Etter matøkt med julagraut og kaffi, allsong med musikk ved Kjell Saltnes, blei kvelden avslutta med utlodning.

For å bøta på skaden, delte sogelaget ut årbøker på løpande band på Etne Senter veka før jul. På kjøpet fekk me slå av ein prat med mange hyggelege medlemmer og andre. Og på toppen fekk med over 20 nye medlemmer! Det var eit svært vellykka tiltak som me vil gjenta seinare år.

Styret i Etne Sogelag 2019

Aslaug Olden Mala	Leiar
Jakob Eskeland	Nestleiar
Ole Mæhle	Kasserar
Anne-Britt Grindheim	Sekretær
Ole Ragnar Gundegjerde	Styremedlem
Liv Tesdal Mjelde	Varamedlem

ETNE SOGELAG

REKNESKAP 2019

INNTEKTER:	2018	2019	UTGIFTER:	2018	2019
MEDLEMSPENGER	30.033,-	35.499,73	TRYKKING ÅRBOK	50.900,-	62.343,75
ÅRBØKER	2.674,-	53.115,-	KONTORUTG/PORTO	25.005,63	27.642,-
LYSINGAR ÅRBOK	4.000,-	21.750,-	LYSINGAR	8.505,50	7.290,-
MOMSREF/STØTTE	9.065,-	40.666,-	OVERF LOKALH ARKIV	20.000,-	00,-
TUR	1.520,-	00,-	DIV. UTGIFTER	25.039,83	16.778,25
RENTER	922,-	1.452,-	MØTER/KURS	21.020,-	19.410,30
UNDERSKOT	78.256,96	00,-			19.018,43
OVERSKOT					
SUM	150.470,96	152.482,73	SUM	150.470,96	152.482,73

BALANSE 311218

ETNE SPAREBANK, HØGRENT	269.059,50
ETNE SPAREBANK, BRUKSKONTO	11.340,33
ETNE SPAREBANK, MUSEUM	23.025,18

BALANSE 311219

270.404,50
28.934,76
23.104,18

32244344

REVIDERT 4/2 - 2020

THORBJERN FJACORSEN

Gunnar Lohaug

ETNE SOGELAG
OVERSIKT OVER EIGA 31.12.19

Innbo og lausøyra	10.000
Maleri	8.000
Tongahuset	45.000
Lager - årbøker	110.000
Andre bøker	20.000
Bokreolar	12.000
Fagbøker	3.000
Bøker Olav Vik	10.000
Bøker Trygve Vinje	10.000
Røyster som tagnar	10.000
Åkle	12.000
Til saman	250.000